

Klimatiltak

God agronomi er ein føresetnad for matproduksjonen vår. For mange kan dette krevje ei omstilling av drifta, nye investeringar, utviding av kunnskap og kompetanse og moglegvis meirarbeid og endra avling.

Som ein kompensasjon og stimuli har staten etablert tilskotsordningar som skal gjere god agronomi/ klimatiltak enklare å gjennomføre. Nedanfor finn du ei oversikt over område, tiltak og ordningar du kan søkje om tilskot.

Klimatilpassing

I eit endra klima finn ein høve til å dyrke nye vekstar, nye sortar eller endre driftsmåten. Det kan òg vere utfordringar som krev tilpassing for å kunne halda fram, dvs. nokre tiltak vil vere absolutt avgjerande for at ein kan drive vidare med noverande produksjon. Andre tiltak vil ha meir fokus på å vidareutvikle drifta mot kostnadsreduksjon, effektivisering, og auka sjølvforsyningsgrad.

Ein del av ordningane som er nemnd under klimatiltak kjem også inn under klimatilpassing.

Klimatiltak

Område	Tiltak	Støtteordning	Ansvar
Areal	Drenering	Landbruksdirektoratet - Tilskudd til drenering av jordbruksjord	Kommunen
Gjødsling	Miljøvennleg spreiemetode og presisjonsgjødsling <ul style="list-style-type: none"> Spreiing av husdyrgjødsel ved nedfelling eller nedlegging med tilførselsslange 	Statsforvaltaren - Regionalt miljøprogram (RMP)	Statsforvaltaren
	Gjødsellager/tak på gjødsellager	Innovasjon Norge - retningslinjer for støtte til gjødsellager (2019) Statsforvalteren - SMIL (gjeld kun dekke på eksisterande lager)	Innovasjon Norge Kommunen
	Biogass frå husdyrgjødsel	Landbruksdirektortet - tilskot til levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg Innovasjon Norge - fornybar energi i landbruket	Landbruksdirektoratet Innovasjon Norge
Energi	Fornybar energi i oppvarming Gardsvarmeanlegg Bioenergi av treflis	Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket ENOVA	Innovasjon Norge (rådgjeving frå Gardsvarme-prosjekt Vestland) ENOVA

	Fornybar energi i køyretøy	ENOVA	ENOVA
Landbruksbygg	Tre i landbruksbygg	Verdiskapingsprogrammet for fornybar energi i landbruket	Innovasjon Norge
	Solcellepanel på landbruksbygg		
Skog	Planting av skog	Landbruksdirektoratet - Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)	Kommunen
Tenester	Klimarådgjeving	RMP, Tilskot til klimarådgjeving	Statsforvaltaren
Klimatilpassing			
Hydro-tekniske forhold	Hydrotekniske tiltak kan være viktig for klimatilpassing. Men også for å unngå vassjuk tap med medfølgende utslipp av klimagasser.	Landbruksdirektoratet - Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)	Kommunen
Hagebruk	Ordinære støtteordningar til investeringar	Innonasjon Norge - støtte til tradisjonelt landbruk	